

# RISENS HJARTE

AV  
ROLF LOSNEGÅRD




*Sogn og Fjordane*  
*Teater*

# Kjære tilskodar


Du er ein viktig person for meg. Kvifor skulle eg elles fortelje ei historie, viss ikkje du var der – villig til å lytte? Eg vil fortelje deg ei historie. Gje deg eit bilde. Det kan vere ein måte å ta opp viktige ting på. Som eit slags laboratorium for handlingar, tankar og kjensler. Slik draumen kan vere det. Slik vi håpar denne framsyninga kan vere det, alle vi som er med på å skape den.

Rolf Losnegård.




## RISENS HJARTE




kan seiest å vere ei kriminalhistorie som handler om oppklaring av brotsverk. Det er også eit drama om hemn, og om ein mann som veit at han ikkje kan fly unna sin lagnad. Men mest av alt er det kanskje eit spel om noke av det vanskelegaste i tilhøvet mellom menn og kvinner, og mellom menn. Om avstand, men óg om nærleik mellom far og son. Om eit av dei vondaste punkta i mannen si sjel. Der det er kortast mellom vold og ømheit. Om risens hjarte.






### ROLF LOSNEGÅRD

er fødd i Hyllestad 28.01.46, gift og har tre born. Av utdanning har han cand mag i norsk, historie og alm. litteraturkunnskap. Han har også NRK si utdanning for programmedarbeidarar i radio og fjernsyn og har m.a. laga programserien «Etter fjøstid». Skreiv manus til TV-serien om Maksveringane, og har fått oppført skodespela «Dei siste maksveringar», «Vitaren kjem heim», «For ei kvinne å vere har du mykje bra vet» og «Kinnaspelet – Songen ved det store djup». Medforfattar til «Det var ein gong ein krig» og revyen «'84 – trur eg!». Utgitt novellebøkene «Farskap – og andre forteljingar om fedrar» og «Verdens beste fiendar». I. pris i novelletevling og vinnar av kulturpris i Sogn og Fjordane i 1987. Radiokåsør og opplesar. Har tidlegare debutert som skodespear, men debuterer no som instruktør på hans eige stykke «Risens hjarte».









#### EVA VON HANNO.

Skodespelar, instruktør, bildande kunstnar.

Statens Teaterskole i 1968. Deretter 1 år ved Den Nationale Scene i Bergen. Så 3 år ved Fjernsynsteateret og 2 år ved Nationaltheatret. Droг så til Dramatiska institutet i Stockholm og studium i teater og filmregi.

Etter det har ho arbeidd som frilans. Ho er gift med fotografen Lennart Olsson som også har fotografert rollebiletta i dette programheftet.

Eva von Hanno har medverka i ei rad norske og svenske filmar. Mange vil hugse at ho var nominert til Amanda prisen for beste skodespelar i HØVDINGEN av Terje Kritiansen.

Ho har medverka i desse norske filmane:

Ole Høiland-regi Knut Andersen.

Jentespranget-regi Knud Leif Thomsen.

Lukket Avdeling-regi Arnliot Berg.

Bobbys Krig-regi Arnliot Berg.

Svensk filmar:

Bang! –regi Jan Troell.

Ingeniør Andrés Luftferd-regi Jan Troell.

Fanny och Alexander-regi Ingmar Bergman.

Amoroso-regi Mai Zetterling.

Ho er for tida aktuell i filmen BRUN BITTER-regi Sølve Skagen. Som bildande kunstnar har ho m.a. hatt utstilling under Festspela i Bergen i 1984. Ho hadde også utstilling i Kristiansund og Ålesund i mars 1986.



## TORLEIF KIPPERSUND

Skodespelar.

45 år.

Frå Arna ved Bergen.

Han er opphavelag utdanna som lærer. I 1962 møtte han Ingeborg Refling Hagen på Tangen ved Hamar. «Eg blei totalt engasjert i å spele Wergelands og Kincks dramatikkk», seier han og ser det som ein skjebnens ironi at han, vestlendingen, skulle møte Hans E. Kinck si diktarverd i eit pære austnorsk miljø.

Ingeborg Refling Hagen og hennar Suttung Teater har vorte ein del av Torleif Kippersund sitt teaterliv.

For mange er hans tolking av «Vrål» i Driftekaren av Kinck eit legendarisk stykke teatertolking.

Han har også vore elev ved Det Norske Teatret og hospitert ved Statens Teaterskule.

Kona og han tok til med barne og ungdomsteater i skulane i 1974. Dei har dei siste 15 åra hatt teaterleirar for interesserte på småbruket sitt på Hedmarken. Dei driv også KOIEN ARBEIDS-TEATER ved Hamar.

Torleif Kippersund, kona hans og dei 5 borna har teater som livsstil. Den eldste er nett ferdig med Statens Teaterskule og går dermed inn att i familieensemblet.





## Elevar frå dramalina på Førde Gymnas med i Risens Hjarte

Elevar frå dramalina på Førde Gymnas med i Risens Hjarte. Dei heiter Bjarte Hjelmeland og Knut Halle. Saman dekkar dei ei rolle i Risens Hjarte.

Det er første gong elevar frå den nystarta dramalina på Førde Gymnas får prøve seg saman med Sogn og Fjordane Teater. Tidlegare har skuleelevar frå fylket vore med i Pippi Langstrømpe, Frode og

Peer Gynt. Dette har nok utan tvil vore med og skjerpa interessa for teater mellom ungdom.

Dramalina på Førde Gymnas har Marit Kleppe som klassestyrar. Dei har til no hatt 3 helgesamlingar der Grenland Friteater og Vestlandske Teaterlag har vore inne i biletet.

Planen er at denne dramalina er første etappe i ei nynorsk teaterutdanning. Sogn og Fjordane Teater har stått for engasjementet som har ført Grenland Friteater og Vestlandske Teaterlag inn i biletet.

Klassestyraren, Marit Kleppe er lærer med drama som spesialfag. Ho vil vere kjend i fylket som dyktig teaterpedagog m.a. for det vellukka kurset der ca. 30 born og unge deltok etter at dei hadde meldt seg som interesserte i rolla som Helga i Peer Gynt. Dei to som no er med i Risens Hjarte er såleis framhaldet i ei utvikling som syner at det spirer i teaterinteressa på bygdene.

# Risens Hjarte

av Rolf Losnegård

Musikk: Per Janke Jørgensen

Personar:

John Leiwer-Noss jr.

Tommy, sonen hans

Ellen, kona til John

John Leiwer-Noss sen. («Majoren»)

Linn

Rolf Halder, psykiater

Aina

Roy

Regi

Co-regissør

Scenografisk konsulent

Inspisent

Lys

Lydarbeid

Sminke

Rekvisitt/kostymer

Snekkararbeid

Syarbeid

I administrasjonen:

Noralv Teigen (Teatersjef)

Jan Edv. Strandenes (forr.fører)

Asbjørn Våge (driftsleiar)

Anna Skadal Jonstad (PR7 adm.sekr.-turnéopplegg)

Henning Rivedal (PR-konsulent)

Sissel Tuften (kontorfullm.)

Torleif Klippersund

Jarle Berentsen

Eva von Hanno

Noralv Teigen

Marianne Ustvedt

Arild Bøe

Marit Singelstad

Knut Halle/Bjarte Hjelmeland

Rolf Losnegård

Eva von Hanno

Christian Egemar

Jenny Petersen

Atle Øydvin

Bjørn Hansen

Else Lisøe

Kari Sandtrøen

Asbjørn Hatlem og Kjell Eide

Anne Ma Sætre

# Frå kongstanke til røyndom

Når nye Innvik klappar til kai under Festspela i Bergen har ein kongstanke blitt røyndom.

Då har fjordane og øyane fått sitt eige, flytande teater. Så rett tenkt – og gjort. Dei gode kreftene la seg i selen for kulturens beste og alle tente på det.

Alle gode ting er tre. Såleis er det også tredje gongen at Teaterbåten Innvik gjestar Festspela, men det er første gong som fullverdig sceneskip.

Det starta med Splint i 1982, ein av dei største suksessane Sogn og Fjordane Teater har hatt. No er det Risens Hjarte og Gå og legg deg som står på menyen. To framsyningar som syner spennvidda i det ein slik båt kan romme samstundes av scenekunsten.

Dei som kjempa denne ideen gjennom, frå Anne Gullestad via fylkeskultursjefar/styrefolk/teatersjefar og eldsjeler, har gitt norsk teater eit nytt bein å stå på. Samstundes står dei tre samarbeidspartnarane, Sogn og Fjordane Teater, Hordaland Teater og Riks-teatret for noko som meir enn nokon sinne kan kallast distrikta sitt teater. Dette er ei scene som er mange scener. Ho kjem til folket der dei bur. Sjeldan har vel pengar vore nytta meir effektivt og tenleg for folk sitt beste enn denne gongen. Tenk kva det hadde kosta å gje eit slikt tilbod i form av faste installasjonar.

I ei tid då kulturen er utsett for åtak og trugsmål om nedskjeringar, er Teaterbåten Innvik soga om den stygge andungen som vart ei kvit og lysande svane alle ovundra. Som ferje var båten mislukka frå første dag. Som Teaterbåt var han eit provisorium. Som ferdig Teaterbåt er han det tiltaket både kongar og statsministrar gjerne vitjar med interesse. Landet har vorte rikare med Teaterbåten Innvik.





**... OG I KULISSANE  
LURER EIN BETRE BANK,  
BERGEN BANK I SOGN  
OG FJORDANE**

- FØRDE
- MÅLØY
- NORDFJORDEID
- SANDANE




*- ein betre bank*





Det meste av staben ved Sogn og Fjordane Teater. Framme frå venstre: Per Janke Jørgensen, Jarle Berentsen, Rolf Losnegård, Eva von Hanno, Noralv Teigen. 2 rad frå v.: Atle Øydvin, Jenny Petersen, Arild Bøe, Marit Singelstad, Kari Sandtrøen, Jan Edv. Strandenes. Bak frå v.: Asbjørn Våge, Anna Skadal Jonstad, Gro Ann Uthaug, Asbjørn Hatlem, Marianne Ustvedt og Bjørn Hansen.





## Om fint og «fiint» teater

Det finst så mange ulike og motstridande meiningar om kva som er teater. Teater, seier nokre, er lys, fargar, rørsler, tempo og show.

Langtifrå, meiner andre, teater er oppleving gjennom fordjupa medleving, kontemplasjon og ettertanke.

Nei, påstår atter andre, teater skal sette problem under debatt syne oss sanninga, stundom stå på barrikadane. På godt og vondt skal skodespelarkunsten avspeгла livet og kvardagen.

Men nei da, så menn heller. Kva skal vi så med teater, heiter det. Er ikkje teatret si oppgåve nettopp å løfte oss ut or kvardagen, fri tankane våre frå det vrange og skakke og lokke fram smilet og låtten.

Men sjå du, om alle er samde? Skal teatret vere berre tant og fjas, let det. Skal det ikkje heller få oss til å gråte av medkjensle, vere anlagande, provoserande og vekkjande?

Teater kan bære med seg alt eller ingenting av dette. Det er likevel ikkje noko av det som i seg sjølv er teater.

Føresetnaden for at teater skal skje, er at det finst to partar, ein gjevar og ein mottakar, for teatret stig opp frå ei tanke- og kjensleutveksling mellom desse to partane – i augneblinken. Det er dette vi på fagspråket kallar transmisjons- resepsjonsprosessen. På godt norsk tyder desse orda overføring og mottaking.

I teatret kallar vi dei to partane skodespelarar og publikum. Er ein av desse to partane borte, kan teater rett og slett ikkje oppstå, fordi det må to partar til om det skal koma istand ei utveksling som teater i det heile kan utvikle seg frå. På fint kallar ein gjerne ei slik utveksling for «intellektuell-emosjonell kommunikasjon». Er ikkje denne sambandslina mellom aktør og mottakar god nok, kan det vera jamgodt med at det berre finst ein part, teater oppstår ikkje. Det set store kvalitetskrav til kommunikasjo-

nen og det igjen set store krav til skodespelarane si evne til å få kontakt med publikum. Visst må publikum og aktørar vera avstemde i tilhøve til kvarandre, og visst må der finnast vilkår i tekstgrunnlag og regi for å fange publikumsinteressa. Men kva emne skodespelet tek opp, kva type dramatikkk det er og kor «djupt det loddar», treng slett ikkje å vera avgjerande for kor stor teateroppleving det skal gi tilskodaren. Mangt eit publikumsgjesp har vore kvalt i møtet med såkalla «anerkjent», høgverdig dramatikkk, liksom det har sprungne store teateropplevingar ut av såkalla lett dramatikkk. Likevel sit der stendig folk i teatret som ser ned på visse former for teater som t.d. lystspelet og farsen og ikkje reknar dei høgverdige nok for m.a. eit offentleg teater. Men når teaterfolk planlegg teater, gjer dei det stort sett ut frå publikum og deira spontane opplevingsveve, ikkje først og framst for einskilde tilskodarar som gjennom vaksam forståsegpåing har distansert seg frå all normal spontanitet og opplevingsveve.

Teaterdrift er inga gullgruve, aller minst i våre dagar, ofte tvert imot, og publikumssvikt er så menn ikkje noko ukjent fenomen.

Det er da ein gjerne ser avisoverskrifter med ein nedlatande undertone, som t.d.; «Teatret har vore nøydd til å sette opp ein farse», o.s.v. Men det må vere ein grunn til at millionar fleire tilskodarar i verda årleg vel lystspelet og farsen framfor annan dramatikkk. Dette er ikkje noko nytt, det har vart frå teatrets første tid, og det finst ei klar line frå t.d. Comedia d'ell Arte, gjennom Moliérés (og Holbergs) dramatikkk og fram til det moderne lystspelet og den moderne farsen. Verkemidlane og dramaturgien er den same. Det er forviklingskomedien som går igjen. Publikumsgrepet kviler stort sett på spontan og prospektiv spenningsteknikk og situasjonskomikk. Men Molière og Holberg t.d. er vortne klassikarar, så deira komedier blir høgt verdsette, medan det underleg nok ikkje skal vere heilt stovereint å spele farse og lystspel frå vår eiga tid som byggjer på deira teknikkk og deira verkemidlar og slett ikkje ligg noko etter i kvalitet. Teknikk og dramaturgisk er dei kanskje vel så fullkomne og skodespelarteknikk er dei ofte langt meir krevjande enn såkalla høgverdig dramatikkk.

Som instruktør skulle ein vel av og til ynskt at tilskodarane hadde sett kor grundig ei slik framsyning er planlagt. Ingenting er tilfeldig. Kvar tonefall, kvar pause, kvar nyanse og rørsle er nøye førebudd og innstudert for å gjere framsyninga tilforlateleg og leikande lett ned til kvar minste detalj. Likevel, det skal berre eit mikroskopisk avvik til for å forrykke den hårfine balansen i spelet som må til for at poenga og framsyninga skal gå inn hos publikum.

Javisst er det ein kunst å spele komedie.

Det finst neppe nokon betre skole for skodespelarar enn å spele farse og lystspel. Hender det ein gong i mellom at teater blir ei gullgruve, kan ein nesten vere viss på at det skuldast eit eller anna slikt skodespel. Mang ein gong kan ein takka denne dramatikken for at ein får råd til å oppføre «meir djuptloddande dramatikkk». Når vi nå vel å spele ein elle vill, moderne farse, er det

så langt i frå av økonomiske grunnar. Det er fordi vi ser på denne teaterforma som minst like «høgverdig» som alle andre teaterformer og fordi vi vil vidare som skodespelarar. Det spørst også om ikkje teatret på lang sikt er meir tent med å halde forbindelseslinene til publikum opne, framfor berre å satse på dramatikkk ein har høyrte skal vere «fullverdig».

Avery Hopwood gjorde det kunststykket å tene seg søkkrik på komediene sine, og det skal ein ikkje undre seg over. Få har hatt eit slikt grep om farseteknikken som han. I tillegg kan dei som «The Girl in the Limousine», til ein viss grad flyttast når det gjeld tid og stad. Spranget er ikkje så stort frå hans overklassemiljø til «New Rich», fenomenet her på berget. Vi har valt å spele denne farsen «Gå og legg deg», fordi vi ville by publikum det beste av det beste.

Så er det berre å vone at publikum vil vere samde med oss i valet og håpe at det vil gje meirsmak til dei som enno ikkje har noko serleg sterkt tilhøve til teatret. Gled dykk med oss.

Noralv Teigen

#### NORALV TEIGEN.

Teatersjef. Frå Høyanger.

Det er ein mangslungen skodespelar som tok over Sogn og Fjordane Teater ved nyttår.

Han starta karrieren på Teaterskulen i 1953. Alt året etter, i 1954 debuterte han på filmlerretet i ein Arne Skouen film.

Same året fekk han også spele mot Tore Segelcke på Nationalteatret i Macbeth.

Den eigentlege debuten kom i 1955 i lystspelet «Fikenbladet», eit fransk lystspel som vart sett opp på Folketeateret.

Dei neste 5-6 åra var han ved Nationalteatret med ein kort svipp til Rogaland Teater.

Frå 1959 av har Riksteatret vore scena hans.

Rollene hans er så mange og spennvidda så stor. Vi skal her berre gje nokre smakebitar.

Noralv Teigen var i si tid verdas første Jonathan i Kardemomme By. Han har spelt alt frå Peer Gynt via Kansas Will i Oklahoma til Flyndrefanten i Taremareby, Holmegrå i Segelfors by, Ole i Reisen til Julestjernen, Rektor Kroll i Rosmersholm og Veslefrikk i Veslefrikk med Fela.

Han har laga fleire show frå Store Studio i NRK og var den første som laga eit reint nynorsk show derifrå.

Noralv Teigen er også kjend som ein framifrå underhaldar og han har sterke røter i hardingfele og folkedansmiljøet samstundes som han også har gått i lære hjå konsertmeister Gunnar Sævig i Harmonien.

«Eg meiner det er livsviktig at skodespelarane ikkje blir oppkasta til gudar som held seg inne i sitt eige tempel. Skodespelarane må gå ut blandt sitt publikum, ute blandt folk og suge si næring der», seier Noralv Teigen.






## Gå og legg deg


Som jomfrutur med ny teatersjef og mange nye skodespelarar må titelen ikkje takast bokstaveleg, snarere tvert imot. Det teatret vil syne er at situasjonskomikken er ei fin vare å selje, også for Sogn og Fjordane Teater.

Aktuelt teater ropar dei kresne i dag. Ja, nettopp. Kva er meir aktuelt i dag enn ei skikkeleg kjapp farse om dei såkalla ny-rike. Yapp, du las rett, ny-rike. Du veit, desse som har fått seg ein litt finare status og er så kry av det.

Vi skal ikkje vere vondsinna med dei. Nei, berre pirka dei litt, vise fram pussigheitene, dette uventa, rare som får oss til å le. Kanskje vil nokon kvar kjenne seg litt att hist og her. Det er det som er farse. Temaet vert stadig brote av prismar og paradoks som gjer at det oppstår komikk.

Teatret gler seg over å tilby noko folk kan få le godt av.





# Gå og legg deg

Lystspel i 3 akter (2 avd.)

Av Avery Hopwood.

Til nynorsk ved Rolf Losnegård/Noralv Teigen.

Regi: Noralv Teigen.

Scenografi: Christian Egemar.

Musikalsk tilrettelegging: Per Janke Jørgensen.

I rollene:

Betty .....Gro Ann Uthaug.

Fredrik .....Knut Vardtun.

Jimmi .....Arild Bøe.

Anton .....Jarle Berentsen.

Bertha .....Kari Sandtrøen.

Tante Sissa .....Marianne Ustvedt.

Lissi .....Marit Singelstad.

Rikard .....Torleif Kippersund.

Produksjonsstab:

Inspisient .....Jenny Petersen.

Lys .....Atle Øydvin.

Lydarbeid .....Bjørn Hansen.

Rekvisitt/kostymer .....Kari Sandtrøen.

Snikkararbeid .....Asbjørn Hatlem og Kjell Eide.

Sminke .....Else Lisøe.

Syarbeid .....Anne Ma Sætre.

Administrasjon:

Noralv Teigen (teatersjef)

Jan Edv. Strandenes (forr.førar)

Asbjørn Våge (driftsleiar)

Anna Skadal Jonstad (PR/adm.sekr.– turné opplegg)

Henning Rivedal (PR-konsulent)

Sissel Tuften (kontorfull.)

Premiere fredag 4. mars 1988 i Førde.



### CHRISTIAN EGEMAR.

Frå Slagelse i Danmark og Røyse på Ringerike.

Ein av dei leiande scenografar, både innan teater og fjernsyn. Mange kjenner namnet frå over 100 oppsetningar i fjernsynet. Han har også vore ved Sogn og Fjordane Teater før, nemleg Dei siste Maksveringar i 1977.


Den siste tida har han arbeidd mest ved Trøndelag Teater der han hadde scenografien på 7 oppsetningar i 1987.

Det ville vere umogleg å ramse opp alt han har vore med på, men to oppsetningar skal vi dra fram.

Den eine er Et dukkehjem med Jane Fonda i hovudrolla. Christian Egemar hadde ansvaret for eksteriøra til denne filmen. Det var eit kjempearbeid som førde til at Røros, der opptaka vart gjorde, delvis måtte byggjast om.

Ei anna gigantisk oppgåve var scenografien til Medmenneskje av Olav Duun. Dette var eit arbeid som tok 2 ½ år og var eit samarbeid med Arild Brinchmann.

For tida har Christian Egemar permisjon frå Fjernsynet for å arbeide ved Trøndelag Teater og, altså Sogn og Fjordane Teater.




**MARIT SINGELSTAD.**

Skodespelarelev.

22 år.

Frå Norheimsund, Kvam  
kommune i Hardanger.

Drog til Bergen etter fullført gymnas. Tok pedagogikk grunnfag på Norsk Lærarakademi og Teatervitenskap mellomfag på Universitetet. I samband med UKE 87 var ho med i revyen: «BOSS I RAMPELYS» Marit Singelstad er eit interessant skodespelartalent. Ho har teke privattimar med skodespelar og hatt timar i talepedagogikk og stemmebruk.



**ASBJØRN VÅGE.**

Konstituert driftsleiar.

38 år. Frå Vågsvåg ved Måløy.

Dette er ei ny stilling ved Sogn og Fjordane Teater. Arbeidet som driftsleiar omfatter teknisk og produksjonsmessig leiarskap. Driftsleiaren er den koordinerande og planleggjande person som følgjer produksjonen frå start til slutt.

Asbjørn Våge har vore ved Sogn og Fjordane Teater sidan 1981 som inspisient, bortsett frå 1987 då han hadde permisjon i knapt 1 år. Han har tidlegare vore 3 år ved Riksteatret, først som sceneteknikar, seinare som lysmeister.

Han har ein allsidig bakgrunn, m.a. medlem av Magiske Cirkel Norge, teaterleiar i Firda Ungdomslag, songkor og korps. Han har vore bussjåfør og er den einaste ved teatret med buss og trailersertifikat. Han har vore snikkar, kontormann, salsjåfør og han har drive eigen helsekostforretning med sol/helsestudio.

# Andre tilbod frå Sogn og Fjordane teater

«Ung må verden ennu være»  
eit program om dikteren og den kjempande idealisten Nordahl Grieg.....for vidaregåande skular/inst.  
V/Gerd Wiik.

«Snikkaren som slutta å plystre»  
eit program for vidaregåande skular v/Arild Bøe.

«Kva er teater?»  
eit program for vidaregåande skular v/Noralv Teigen.

«Frå bygdekunst til verdskunst»  
program for vidaregåande skular v/Noralv Teigen.

«Ein annaleis skuletime»  
eit program for 1. – 6. klasse  
v/Noralv Teigen.

«Spøk og spel»  
program for inst.  
v/Noralv Teigen.

## KULTURBÅTEN «INNVIK»

Er venta å vere ferdig til 2. mai d.å. Den vil ligge ved kai i Bergen under Festspela der vi skal ha framsyningar av både RISENS HJARTE og GÅ OG LEGG DEG.

Andre tilbod kan vere aktuelle i denne samanhengen.

SPELSTIKKA nr. 1 og nr. 2 1988.  
Ansvarleg utgjevar Noralv Teigen.  
Redaksjon: Henning Rivedal og Anna S. Jonstad.  
Layout, sats og trykk: J. W. Eides Trykkeri.  
Hovudfotograf: Lennart Olson.  
Øvrige foto: Trygve Schönfelder.



10g162202

SOGN OG FJORDANE TEATER 1988

# GÅ OG LEGG DEG

*ein eller sile komedie*

M A R T O R